



## BARNEOMBODET

Justis- og beredskapsdepartementet, lovavdelingen  
Postboks 8005 Dep  
0030 OSLO

Vår ref:  
15/00112-3

Saksbehandlar:  
Elin Saga Kjørholt

Dato:  
14. september 2018

### Høyring – forslag til endringar om forelding i straffeloven

Barneombudet viser til høyringsnotatet frå departementet, og takkar for invitasjonen til å kommentera på forslaget til endringar i straffelova.

Barneombudet er glad for at regjeringa kjem med forslag som skal styrkje vernet av barn mot vald og overgrep. Vårt overordna innspel er at omsynet til rettstryggleiken til barn tilseier at det blir innført utskoten foreldingsfrist fleire stader i straffelova. Dette vil og gi ein betre heilheit i reglane som beskyttar barn mot vald og overgrep.

#### Særleg omsyn gjer at det er behov for utskoten foreldingsfrist i saker om vald og seksuelle overgrep mot barn

Det er vanskeleg for barn å fortelje om vald og seksuelle overgrep. Barneombudet har snakka med mange barn, unge og unge vaksne om det å fortelje nokon at dei er utsett for vald eller seksuelle overgrep. Nokre veit ikkje at det dei er utsett for ikkje er greitt, andre er redde for kva som vil henda med familien deira om dei seier ifrå og andre igjen lever med grove truslar.<sup>1</sup> Nyare forskning visar at det i snitt tek 17,2 år før eit barn fortel om seksuelle overgrep.<sup>2</sup> Etter Barneombudet si meining syner dette at utskoten foreldingsfrist i saker om vald og seksuelle overgrep er viktig for å sikre rettstryggleiken til barn.

#### Kap. 3.3.2 Utskoten foreldingsfrist for seksuell handling med barn § 304

Barneombudet støttar forslaget med som grunnlagt over.

#### Kap. 3.3.3 Forelding av straffeansvar for seksuell krenkande åtfærd § 305

Barneombudet er i tvil om eit ønske om lengre foreldingsfrist er eit godt grunnlag for å heve strafferamma i straffebudet. Vi meiner elles det er gode grunnar for å heva strafferamma når lovbroten gjeld fleire/mange fornærma.

---

<sup>1</sup> Sjå blant anna rapport frå Barneombudet 2018 «Hvis vi hadde fått hjelp tidligere, hadde alt vært annerledes»

<sup>2</sup> Steine et al. 2016

Vi meiner at dei omsyna som gjeld for utskoten frist gjer seg gjeldande også her, sjølv om strafferamma er låg. Departementet bør derfor vurderer om det bør innførast utskoten foreldingsfrist også for seksuell krenkande åtferd. Barneombodet meiner dette vil føre til eit meir harmonisk system for reglane om forelding av seksuallovbrot mot barn.

### **Kap. 3.3.5 Forelding av straffeansvar for brot på avverjeplikta**

Barneombodet meiner omsynet til rettstryggleiken til barn talar for utskoten foreldingsfrist også for brot på avverjeplikta. Det synest fornuftig at det bør det vera tilsvarande ordning for avverjeplikta, så lenge ein har utskoten foreldingsfrist for denne typen handlingar.

Eit ennå sterkare argument er omsynet til barn sin rett til vern mot vald og overgrep. I desse sakene meiner vi at alvoret i å førebyggje seksuelle overgrep og alvorleg mishandling mot barn må få avgjerande vekt. Barneombodet viser til *Barnevoldsutvalget* sin rapport «Svikt og svik», der det vart avdekka alvorleg svikt i evna til offentlege hjelpeinstansar til å avverja grov vald, omsorgssvikt og seksuelle overgrep mot barn.

### **Behov for utskoten foreldingsfrist også for grov seksuell omgang med barn § 303**

Barneombodet meiner departementet bør sjå på om utskoten foreldingsfrist bør innførast også for straffeansvar for grov seksuell omgang med barn. Den høge strafferamma gjer at behovet for ei slik regulering ikkje er like stort, men vi meiner likevel at dei same omsyna til barnet gjer seg gjeldande. Det vil gje ein betre heilheit, både lovteknisk og av omsyn til barnet, dersom det blir innført utskoten foreldingsfrist i alle saker om vald og seksuelle overgrep med alvor av ein viss grad.

Venleg helsing

Inga Bejer Engh  
barneombod

Elin Saga Kjørholt  
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.